

Rapport om tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i statsorgana i 2022

Språkrådet 2023

Innhald

| | |
|--|----|
| Oppsummering..... | 5 |
| Nokre observasjonar | 5 |
| Kor blir den største mengda allment tilgjengeleg nettsidetekst publisert? | 7 |
| Nynorskkompetansen hjå statsorgana er svak, men trua på nye verktøy er sterk | 9 |
| Innleiing | 10 |
| Om tilsynet | 10 |
| Om innhausting av data med verktøyet Målfrid | 10 |
| Målfrid og departementa | 10 |
| Målfrid og dei underliggjande statsorgana..... | 11 |
| Datagrunnlaget for årets rapport | 11 |
| Resultat for departementa og dei underliggjande organa | 12 |
| Om statistikken..... | 12 |
| Om dei ulike kategoriane i statistikken | 12 |
| Om skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar..... | 12 |
| Forklaring til tabellane..... | 13 |
| Arbeids- og inkluderingsdepartementet med ni underliggjande organ | 14 |
| Barne- og familieliedepartementet med seks underliggjande organ | 14 |
| Finansdepartementet med sju underliggjande organ | 15 |
| Forsvarsdepartementet med tre underliggjande organ | 16 |
| Helse- og omsorgsdepartementet med 14 underliggjande organ..... | 17 |
| Justis- og beredskapsdepartementet med 19 underliggjande organ | 18 |
| Klima- og miljødepartementet med sju underliggjande organ..... | 19 |
| Kommunal- og distriktsdepartementet med elleve underliggjande organ..... | 19 |
| Kultur- og likestillingsdepartementet med 13 underliggjande organ..... | 20 |
| Kunnskapsdepartementet med 31 underliggjande organ | 21 |
| Landbruks- og matdepartementet med fire underliggjande organ..... | 22 |
| Nærings- og fiskeridepartementet med 14 underliggjande organ | 23 |
| Olje- og energidepartementet med to underliggjande organ | 24 |
| Samferdselsdepartementet med åtte underliggjande organ | 24 |
| Utanriksdepartementet med to underliggjande organ | 25 |
| Statsministerens kontor med eitt underliggjande organ..... | 26 |
| Statistikktabellar..... | 27 |
| Forklaring til tabellane..... | 27 |
| Vedlegg 1 – Arbeids- og inkluderingsdepartementet | 28 |
| Vedlegg 2 – Barne- og familieliedepartementet..... | 29 |

| | |
|--|----|
| Vedlegg 3 – Finansdepartementet..... | 30 |
| Vedlegg 4 – Forsvarsdepartementet | 31 |
| Vedlegg 5 – Helse- og omsorgsdepartementet | 32 |
| Vedlegg 6 – Justis- og beredskapsdepartementet..... | 34 |
| Vedlegg 7 – Klima- og miljødepartementet | 36 |
| Vedlegg 8 – Kommunal- og distriktsdepartementet..... | 37 |
| Vedlegg 9 – Kultur- og likestillingsdepartementet..... | 38 |
| Vedlegg 10 – Kunnskapsdepartementet..... | 40 |
| Vedlegg 11 – Landbruks- og matdepartementet..... | 43 |
| Vedlegg 12 – Nærings- og fiskeridepartementet..... | 44 |
| Vedlegg 13 – Olje- og energidepartementet | 46 |
| Vedlegg 14 – Samferdselsdepartementet | 47 |
| Vedlegg 15 – Utanriksdepartementet | 48 |
| Vedlegg 16 – Statsministerens kontor | 49 |
| Vedlegg 17 – Nynorskprosenten i departementa i 2022: manuelt registrerte tal for nyheitssaker og pressemeldingar og tal for automatisk innhausta materiale fra regeringa.no | 50 |

Oppsummering

Språkrådet fører tilsyn med korleis staten følgjer opp sin eigen språkpolitikk i praksis. Politikken har mellom anna som mål at alle som har med norsk språk å gjere, skal bli kjende med både bokmål og nynorsk. Skal regelverket ha legitimitet, må offentlege organ bruke begge skriftspråka på ein måte som gjer dei synlege for heile befolkninga. På grunnlag av tal som er hausta inn av Språkrådet og rapporterte inn av departement og underliggende statsorgan, presenterer Språkrådet statistikk og analysar som viser korleis offentlege organ følgjer opp språkpolitikken.

I denne rapporten får 15 departement, 157 underliggende statsorgan og Statsministerens kontor svar på korleis dei følgjer opp språkpolitikken.

Statistikken viser at berre svært få organ oppfyller lovkravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i tekstane sine. Få har alle skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar tilgjengelege på begge skriftspråk. I tilsynsdialogen med departementa og dei underliggende statsorgana informerer Språkrådet om at reglane for veksling mellom bokmål og nynorsk skal etterlevast i alle kategoriar tekst. Organa har ansvar for å ha dei teknologiske løysingane og kompetansen som gjer det mogleg å oppfylle krava i regelverket. Den siste tida har det kome til fleire teknologiske løysingar som set om automatisk frå bokmål til nynorsk, og som gjer det enklare for statsorgana å oppfylle krava.

19 av til saman 157 underliggende statsorgan har ikkje levert dei rapportane Språkrådet har bedt om. Det er eit brot på opplysningsplikta som statsorgana har etter språklova, og vitnar om at delar av statsapparatet manglar vilje til å oppfylle krava i regelverket.

Som ein del av tilsynet ber Språkrådet somme departement og underliggende statsorgan om tilbakemelding på kva tiltak dei vil setje i verk for å oppfylle dei krava som språkpolitikken set. I år har Språkrådet bedt åtte departement og 67 underliggende organ om tilbakemelding. Det er ein liten nedgang frå i fjar, då vi bad sju departement og 80 underliggende organ om tilbakemelding.

Over tid har Språkrådet merka seg mykje dårleg etterleving av regelverket i organa som ligg under Kunnskapsdepartementet. Mange av dei ser ut til å mangle vilje til å følgje opp lovverket på språkfeltet. Språkrådet er i god dialog med Kunnskapsdepartementet om korleis ein skal ta tak for å få slutt på dei systematiske brota på språklova i denne sektoren.

Nokre observasjoner


- Nesten ingen statsorgan oppfyller alle krava i regelverket. Som i 2021 er det berre Medietilsynet som oppfyller alle krava.
- Ingen departement oppfyller alle krava i regelverket, men Barne- og familidepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet skil seg ut med gode resultat for språkvekslinga.¹
- Åtte av 157 underliggende statsorgan oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene sine. Om vi berre ser på HTML-innhald som organa laga nytt til nettsidene i 2022, oppfyller 13 av dei kravet.
- I fire av dei 157 underliggende statsorgana har nynorskprosenten på nettsidene gått opp med meir enn 5 prosentpoeng frå 2021 til 2022.
- I ni av dei 157 underliggende statsorgana har nynorskprosenten på nettsidene gått ned med meir enn 5 prosentpoeng frå 2021 til 2022.
- Det ser ut til å vere lettare for statsorgana å oppfylle språkvekslingskravet i sosiale medium enn på nettsidene. Ganske mange organ oppfyller kravet i eitt eller fleire sosiale medium.

¹Med det atterhaldet som Språkrådet tek for HTML-tala på nettsidene, sjå s. 10, «Målfred og departementa».

- Sju organ som har hatt såkalla parallelle nettsider, har lagt om til sider med veksling mellom bokmål og nynorsk.² Åtte organ har framleis parallelle nettsider.
- Måloppnåinga i dei underliggjande organa ser til ein viss grad ut til å henge saman med måloppnåinga i overordna departement.

²Ein del statsorgan har i mange år hatt parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Etter språklova er dette ikkje lenger mogleg, fordi lova krev veksling mellom språka på same nettstad. Språkrådet har oppmoda organ med parallelle nettsider til å leggje om til sider med veksling. Vi ser at mange organ som har hatt parallelle sider, allereie har lagt om sidene sine eller er godt i gang med å leggje om. Organ som framleis har parallelle nettsider, er markerte i statistikktabellane.

Kor blir den største mengda allment tilgjengeleg nettsidetekst publisert?



Den statlege nettstaden som har publisert mest ny allment tilgjengeleg nettsidetekst på norsk i 2022, er bufdir.no. Halvparten av dei ti nettstadene med høgast tekstproduksjon hører til kunnskapssektoren og ligg under Kunnskapsdepartementet. Kunnskapssektoren har vore prioritert i tilsynet i 2022.

Ingen av dei ti nettstadene på lista ovanfor har oppfylt kravet om å publisere minst 25 % på kvart skriftspråk i 2022.

Vi har sortert statlege nettsteder i grupper etter samfunnsmål. Nedanfor er figurar som viser dei største tekstoprodusentane i to av gruppene.

Nettsidetekst frå 2022 om pengar, plikter, data og rettar




- | | | |
|----------------------------|-------------------------|--------------------------------|
| ■ www.skatteetaten.no | ■ www.finanstilsynet.no | ■ www.dfo.no |
| ■ www.domstol.no | ■ www.nav.no | ■ www.hjelpemiddeldatabasen.no |
| ■ www.mattilsynet.no | ■ www.datatilsynet.no | ■ www.anskaffelser.no |
| ■ www.digitalarkivet.no | ■ www.norge.no | ■ www.politiet.no |
| ■ www.forbrukertilsynet.no | | |

Nettsidene i den eine gruppa gjev informasjon om mellom anna økonomiske rettar og plikter. Desse sidene er relevante både for innbyggjarar, for næringsdrivande og for tilsette i offentleg forvaltning.

Av den nye nettsideteksten til dei tretten organa i denne gruppa er det berre teksten på sidene til Domstolsforvaltninga, Arkivverket og Digitaliseringsdirektoratet som oppfyller krava om veksling mellom skriftspråka.

Nettsidetekst frå 2022 om infrastruktur, miljø og tryggleik



Nettsidene i den andre gruppa gjev informasjon om mellom anna infrastruktur, energi, natur, miljø og tryggleik. I denne gruppa har Oljedirektoratet den klart største produksjonen av ny nettsidetekst på norsk.

Berre Patentstyret har oppfylt vekslingskrava for nettsidetekst publisert i 2022. Nettstadene varsom.no (Noregs vassdrags- og energidirektorat) og vegvesen.no publiserte om lag 18 % nynorsk tekstu i 2022. Resten av organa er langt frå å oppfylle kravet på sine sider.

Oljedirektoratet har på sida npd.no publisert meir ny nettsidetekst enn dei andre organa på lista til saman, men under éin prosent av teksten er på nynorsk. Skal begge dei norske skriftspråka fungere godt på alle samfunnsmål, er det avgjerande at særleg dokument som skal brukast av fagfolk over heile landet, blir skrivne vekselvis på bokmål og nynorsk. At den største produsenten av nettsidetekst i bransjen nesten berre nyttar bokmål, er ikkje bra.

Nynorskkompetansen hjå statsorgana er svak, men trua på nye verktøy er sterkt. Språkrådet fører tilsyn med om lag 180 statsorgan. I 2021 spurde Språkrådet tilsynsobjekta om kva dei ser som dei største hindringane i arbeidet med å etterleve språklova. Over halvparten av organa svarte. Dei fleste meinte at altfor få medarbeidarar skriv brukande nynorsk, og at dei manglar gode språkverktøy. Dessutan ønskte dei seg rettleiing av meir skriftkunnige tilsette.

Det tradisjonelle tilsynet har fokusert på kor mykje tekst som blir produsert på kvart skriftspråk. Det har til no ikkje vore ført systematisk tilsyn med korleis dei offentlege organa oppfyller krava til skrivekompetanse etter § 16 i språklova, endå det er klart at denne kompetansen er avgjerande for at det skal bli produsert nok tekstu på bokmål og nynorsk.

Tidlegare undersøkingar av mønsterpraksis har vist at dei organa som greier å følgje språklova, driv målretta språkarbeid.

Skal organa greie å oppfylle krava i lova over tid, er dei nøydde til å integrere språkarbeidet i kvalitetssikringa og kompetansestyringa.

Innleiing

Om tilsynet

Språkrådet fører tilsyn med korleis departementa og dei underliggjande statsorgana etterlever reglane om bruk av bokmål og nynorsk i språklova. Tilsynet er heimla i paragraf 19 i lova. I denne rapporten kommenterer Språkrådet tala som viser korleis staten følgjer opp språkpolitikken i praksis.

Paragraf 13 i lova krev at sentrale statsorgan skal veksle mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengeleg materiale, slik at ingen av skriftspråka er representerte med mindre enn 25 %. Det er ikkje lenger mogleg å ha såkalla parallelle nettsider. Paragraf 14 krev at alle skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar skal vere tilgjengelege på begge språka samstundes.

Etter paragraf 20 i lova har statsorgana plikt til å gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om.

Mållova frå 1980 blei avløyst av språklova 1.1.2022. Denne rapporten viser altså stoda for bruken av dei to norske skriftspråka i staten det første året den nye lova har verka.

Om innhausting av data med verktøyet Målfrid

Denne rapporten byggjer dels på tal som er automatisk hausta inn av verktøyet Målfrid, dels på eigenrapporterte tal frå departementa og dei underliggjande organa.

Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og Språkrådet har saman utvikla verktøyet Målfrid, som blei brukt første gong i tilsynet for 2020. Målfrid gjer tilsynet med bruken av skriftspråka i staten enklare og meir nøyaktig. Verktøyet haustar inn tekst frå statlege .no-domene og frå regjeringa.no og analyserer seg fram til fordelinga mellom bokmål og nynorsk i tekstane. Førebels haustar verktøyet ikkje inn data frå sosiale medium, skjema eller digitale sjølvbeteningsløysingar. I desse kategoriene må alle departement og underliggjande statsorgan rapportere inn tal i eit Questback-skjema som Språkrådet sender ut.

På [side 4](#) i tilsynsrapporten for 2020 finst det ei detaljert oversikt over korleis Målfrid haustar inn dataa og analyserer dei.

Målfrid og departementa

Nytt av året er at Målfrid haustar inn all tekst som ligg tilgjengeleg på regjeringa.no. Tidlegare skilde ikkje Målfrid mellom nettsidene til dei ulike departementa når ho hausta inn dataa frå regjeringa.no. Fram til og med tilsynet for 2021 hausta verktøyet berre inn dei av departementa sine stortingsdokument (meldingar og proposisjonar til Stortinget) som låg på regjeringa.no.

Departementa måtte derfor sjølve rapportere inn tal for språkbruken i alle andre tekstar, til dømes nettsidetekst, stillingsannonser, rapportar og nyheitssaker. I år er første gongen Målfrid haustar inn alle typar tekst som departementa har laga og publisert på regjeringa.no.

Språkrådet tek atterhald om at tala som Målfrid har hausta inn frå regjeringa.no dette første året, ikkje er representative. Etter at verktøyet hadde hausta inn sidene, fekk Språkrådet vite at Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), som driftar nettstaden som departementa publiserer på, hadde gjort endringar i grensesnittet til regjeringa.no. Endringane inneber mellom anna at nyheitssaker og pressemeldingar ikkje lenger er direkte lenka til kvart departement, men ligg ein annan stad på nettsidene. Målfrid har derfor ikkje greidd å kople nyheitssakene til rett departement. Språkrådet har teke saka opp med DSS.

Språkrådet har for dette tilsynet talt opp nyheitssakene og pressemeldingane til alle departementa manuelt. Det gjeld litt over 3 000 saker. Vedlegg 17 viser nynorskprosenten i nyheitssaker og pressemeldingar saman med nynorskprosenten for det materialet som Målfrid har hausta inn automatisk. Tala frå den manuelle oppteljinga viser at fire av departementa og Statsministerens

kontor oppfyller minstekravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i nyheitssaker og pressemeldingar, og at tre departement er nære ved å oppfylle kravet. Dei manuelt registrerte tala skil seg mykje frå dei automatiske innhausta Målfrid-tala. Ifølgje Målfrid-tala er det berre Landbruks- og matdepartementet av 15 departement som oppfyller minstekravet.

Departementa må framleis rapportere inn tal for sosiale medium, skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar i eit Questback-skjema. I sosiale medium må dei skilje mellom Facebook, Twitter og samlekategorien «Andre sosiale medium» i rapporteringa.

Målfrid og dei underliggjande statsorgana

Målfrid haustar inn dataa frå alle nettsidene til dei underliggjande statsorgana. Dei underliggjande organa må, på same måte som departementa, sjølve rapportere inn tal for sosiale medium, skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Det gjer dei i eit Questback-skjema. I sosiale medium må dei skilje mellom Facebook, Twitter og samlekategorien «Andre sosiale medium» i rapporteringa.

Datagrunnlaget for årets rapport

I 2022 er det tredje gongen vi haustar inn og kommenterer tekst i departementa og dei underliggjande statsorgana automatisk og ved hjelp av Questback. Det gjer at vi kan samanlikne 2022 med 2021. Vi viser tabellar med tal for dei to åra på departementsnivå og kommenterer dei. Tal for dei underliggjande statsorgana går fram av vedlegg 1 til 16. Vi kommenterer dei i rapporten saman med det departementet dei høyrer til.

Årets rapport byggjer på data frå 157 statsorgan, 15 departement og Statsministerens kontor. Alle departementa svarte på Questback-skjemaet dei fekk av Språkrådet. Det er framgang i svarprosenten frå i fjar, då to departement ikkje svarte. 88 % (138 av 157) av dei underliggjande statsorgana svarte på skjemaet. Det er òg framgang i svarprosenten frå i fjar, då 79 % (128 av 161) av statsorgan svarte.

Rapporten for 2021 bygde på data frå 161 statsorgan, 15 departement og Statsministerens kontor.

Rapporten for 2020 omfatta 148 statsorgan, 15 departement og Statsministerens kontor.

Resultat for departementa og dei underliggjande organa

Om statistikken

Statistikktabellane på dei neste sidene viser nynorskprosenten i departementa sine tekstar i 2021 og 2022. Under kvar tabell kommenterer vi tala for kvart departement og dei underliggjande organa som høyrer til. Statistikktabellane i vedlegg 1 til 16 viser nynorskprosenten i tekstar hjå dei underliggjande statsorgana.

Somme underliggjande organ eig og administrerer fleire domene. Statistikken i denne rapporten baserer seg på tal frå hovudnettstaden til kvart organ.

Vi bruker fargekodar for å vise i kva kategoriar tekst nynorskprosenten går fram, går tilbake eller er uendra. Prosentalet er uteha med feit skrift og større skrifftype viss kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i kategorien er oppfylt. Sjå nærmare forklaring til tabellane på neste side.

Om dei ulike kategoriane i statistikken

Kategoriane «Facebook», «Twitter», «Andre sosiale medium» og «Skjema på begge skriftspråk» er felles for departementa og dei underliggjande statsorgana. Statistikken i desse kategoriane er basert på tal som departementa og dei underliggjande organa rapporterer inn til Språkrådet.

Kategorien «Skjema på begge skriftspråk» omfattar både tradisjonelle papirskjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. I denne kategorien viser prosenten kor stor del av materialet som finst på begge skriftspråka.

Kategoriane «Alt HTML-innhald på hovudnettstaden» og «Nytt HTML-innhald på hovudnettstaden» er baserte på tal som Målfrid har hausta inn automatisk. Fram til og med tilsynet for 2021 hausta verktøyet berre inn ein del av tilfanget på regjeringa.no, og departementa rapporterte sjølve inn tal for språkbruken i mange tekstkategoriar.³ Statistikken for 2021 for departementa er basert på tal som departementa sjølve har rapportert inn til Språkrådet. Kategorien «Nytt HTML-innhald på hovudnettstaden» er med i rapporten for første gong i år og inneholder berre tal for dei underliggjande organa for 2022.

For departementa skil vi mellom «Proposisjonar utan vedlegg», «Proposisjonar med vedlegg», «Meldingar utan vedlegg» og «Meldingar med vedlegg». Statistikken er basert på tal som Målfrid har hausta inn automatisk.

Om skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar

Språklova krev at «[s]tatsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig». I denne samanhengen er «skjema» ei delmengd av «sjølvbeteningstenester». Alle «skjema» er «sjølvbeteningstenester», og i tillegg finst det «andre sjølvbeteningstenester» som ikkje er «skjema».

Mange departement har ikkje skjema eller digitale sjølvbeteningsløysingar.

³Sjå avsnittet «Målfrid og departementa» på s. 10 for ei nærmare skildring av detaljar om innhaustinga og for etterhald om tala for i år.

Forklaring til tabellane

Cellefargar




Nynorskprosenten har gått opp med meir enn 5 prosentpoeng frå 2021



Nynorskprosenten har gått ned med meir enn 5 prosentpoeng frå 2021



Nynorskprosenten er uendra (har gått opp eller ned med 5 prosentpoeng eller mindre) frå 2021



Tal for 2021



Inga målbar endring frå 2021 fordi organet ikkje har materialet eller ikkje har rapportert om det, eller fordi kategorien er ny i 2022

Utheva tal

Tal i storleik 12 punkt og feit skrift: Kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk er oppfylt.

I kategorien «Skjema på begge skriftspråk» krev lova at alle skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar skal vere tilgjengelege på begge skriftspråka. I denne kategorien må prosenten vere 100 for at talet skal vere uteheva.

Andre teikn i tabellane

- manglar tal fordi organet ikkje har materialet eller ikkje har rapportert om det
- *) manglar tal på grunn av tekniske feil i innhaustinga eller eigenrapporteringa
- **) parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon

Arbeids- og inkluderingsdepartementet med ni underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 1 % | 33 % | 59 % | 40 % | – | 7 % | 6 % | 22 % | 21 % |
| 2021 | 1 % | 11 % | 33 % | 20 % | – | 6 % | 6 % | 2 % | 2 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i sosiale medium og i stortingsmeldingar, og at han er tilnærma uendra i alle andre kategoriar tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i tre kategoriar, mens det i 2021 oppfylte det i éin kategori. I tre kategoriar er departementet svært langt unna å oppfylle kravet.

Departementet har 1 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10 «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 16.

Eitt av dei ni underliggjande organa (vedlegg 1) – Trygderetten – oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Statens pensjonskasse er nær ved å oppfylle kravet, og i kategorien for nytt innhald i 2022 oppfyller dei minstekravet. Fem av organa har mindre enn 10 % nynorsk på nettsidene. Arbeidsretten og Riksmeklaren har under 5 %.

Arbeidsretten har parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Gjennom tilsynsdialogen har Språkrådet oppfordra organet til å legge om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad.

Sju organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteniaingsløysingar. Av dei sju har eitt – Trygderetten – alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Statens pensjonskasse oppfyller språkvekslingskravet på Facebook, og Statens arbeidsmiljøinstitutt oppfyller det i alle kategoriar for sosiale medium.

Barne- og familieldepartementet med seks underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 4 % | 31 % | 100 % | 32 % | 85 % | 70 % | 70 % | – | 0 % |
| 2021 | 18 % | 21 % | 56 % | 27 % | 46 % | 20 % | 20 % | – | – |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i nesten alle kategoriar tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i ei gruppe kategoriar, mens det i 2021 oppfylte det i to kategoriar. I to kategoriar er departementet svært langt unna å oppfylle kravet.

Departementet har 4 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 74.

Barne- og familidepartementet er eitt av dei to departementa som kjem nærmast å oppfylle alle språkvekslingskrava, og skil seg dermed ut. Det andre er Kommunal- og distriktsdepartementet.

Av seks underliggjande organ (vedlegg 2) oppfyller Barneverns- og helsenemnda kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. To av dei underliggjande organa har mellom 10 og 20 % nynorsk på nettsidene. Forbrukartilsynet har under 5 %.

Alle organa opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Av dei har Forbrukartilsynet alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Forbrukartilsynet oppfyller språkvekslingskravet på Twitter, og Barneverns- og helsenemnda oppfyller det i kategorien «Andre sosiale medium».

Finansdepartementet med sju underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhold på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 2 % | – | 100 % | 100 % | – | 12 % | 11 % | 9 % | 10 % |
| 2021 | – | – | – | – | – | 9 % | 7 % | 5 % | 6 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet er uendra i dei kategoriane vi har tal å samanlikne med for 2021.⁴ Departementet oppfyller ikkje kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i nokon kategori, og gjorde det heller ikkje i 2021. Departementet er ganske langt unna å oppfylle kravet i dei fleste tekstkategoriane.

Departementet har 2 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 8.

Ingen av dei sju underliggjande organa (vedlegg 3) oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Alle organa – med unnatak av Statens innkrevjingssentral – har under 10 % nynorsk på nettsidene.

⁴Finansdepartementet svarte ikkje på Språkrådet sin førespurnad om eigenrapportering for 2021, og vi har derfor berre Målfrid-tala for det året.

Skatteetaten og Statens innkrevjingssentral har parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Gjennom tilsynsdialogen har Språkrådet oppfordra organa til å leggje om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad.

Fem organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Ingen av dei har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Skatteetaten oppfyller som einaste underliggende organ språkvekslingskravet i éin kategori tekst: på Facebook.

Forsvarsdepartementet med tre underliggende organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisionar utan vedlegg | Propo- sisionar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|-------------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 4 % | 7 % | 7 % | – | – | 17 % | 17 % | 0 % | 0 % |
| 2021 | 7 % | 17 % | 25 % | – | – | 40 % | 39 % | 0 % | 0 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går tilbake i fire kategoriar tekst. Departementet oppfyller ikkje kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i nokon kategori, mens det i 2021 oppfylte det i tre kategoriar. Departementet er langt unna å oppfylle kravet i alle tekstkategoriane.

Departementet har 4 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 6.

Ingen av dei tre underliggende organa (vedlegg 4) oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Alle har under 10 % nynorsk på nettsidene.

To organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Begge har under 5 % av materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Forsvaret er nær ved å oppfylle språkvekslingskravet på Facebook.

Helse- og omsorgsdepartementet med 14 underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 1 % | 31 % | 43 % | 40 % | – | 0 % | 2 % | – | – |
| 2021 | 4 % | 13 % | 10 % | 95 % | – | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i to kategoriar tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i tre kategoriar, mens det i 2021 ikkje oppfylte det i nokon kategori. I tre kategoriar er departementet svært langt unna å oppfylle kravet.

Departementet har 1 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 24.

Av 14 underliggjande organ (vedlegg 5) oppfyller Helfo kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Dei fleste andre underliggjande organa er langt unna å oppfylle kravet i denne kategorien. Nasjonalt klageorgan for helsetenesta er nærmast med 20 %. To av dei underliggjande organa oppfyller minstekravet i kategorien for nyt innhald i 2022: Helfo og Nasjonalt klageorgan for helsetenesta. I 2021 hadde seks av ti organ under 10 % nynorsk på nettsidene, mens det i år er fire av ti. Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk, med høvesvis 1 % og 2 % nynorsk på nettsidene, er – som i fjar – dei som er lengst unna å oppfylle lovkrava.

Norsk pasientskadeerstatning har parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Gjennom tilsynsdialogen har Språkrådet oppfordra organet til å legge om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad.

Åtte organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Av dei åtte har tre – Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Nasjonalt klageorgan for helsetenesta og Norsk pasientskadeerstatning – alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Fire av dei underliggjande organa oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin eller fleire kategoriar av sosiale medium. Ingen av dei oppfyller kravet i alle kategoriane.

Justis- og beredskapsdepartementet med 19 underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 1 % | 1 % | 1 % | 14 % | 83 % | 20 % | 19 % | 0 % | 0 % |
| 2021 | 10 % | – | – | – | 18 % | 14 % | 12 % | 1 % | 1 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i tre kategoriar tekst: i stortingsproposisjonar med og utan vedlegg og i skjema. Departementet oppfyller ikkje kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i nokon kategori og er framleis svært langt unna å oppfylle minstekravet i lova i dei fleste kategoriane.

Departementet har 1 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 2.

Ingen av dei 19 underliggjande organa (vedlegg 6) oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er nær ved å oppfylle kravet og skil seg ut som det einaste av dei underliggjande organa som har ein framgang i nynorskprosenten på meir enn 5 prosentpoeng frå 2021 til 2022. Organet har laga svært mykje nytt innhald på nynorsk i 2022, og det har fått opp nynorskprosenten frå 4 til 21. Alle dei andre underliggjande organa lagar lite nytt innhald på nynorsk og held seg stabilt med ein svært låg nynorskprosent: Sju av dei har – som i 2021 – under 5 % nynorsk på nettsidene. Det gjeld Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Generaladvokaten, Kontoret for valdsoffererstatning, Nasjonalt tryggingsorgan, Riksadvokaten, Spesialeininga for politisaker og Økokrim.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Noregs høgsterett, Politidirektoratet med Kripo, Politihøgskolen og Utlandingsdirektoratet hadde i 2021 parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Alle organa har lagt om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad, slik språklova krev. Det som står att, er å oppfylle kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på dei same sidene.

Ti organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Av dei ti organa er det tre – Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Utlandingsdirektoratet og Utlandingsnemnda – som har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Av 19 underliggjande organ er det tre – Noregs høgsterett, Utlandingsdirektoratet og Utlandingsnemnda – som oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin eller fleire kategoriar sosiale medium. Alle oppfyller kravet på Twitter, og Noregs høgsterett oppfyller det òg i kategorien «Andre sosiale medium». Utanom Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er dei andre underliggjande organa svært langt unna å oppfylle kravet i nokon kategori sosiale medium.

Klima- og miljødepartementet med sju underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|----------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 11 % | 11 % | 6 % | 4 % | – | 93 % | 83 % | – | – |
| 2021 | 61 % | 21 % | 19 % | 21 % | – | 94 % | 94 % | 100 % | 100 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet er uendra eller går tilbake i alle kategoriar tekst. Departementet oppfyller ikkje kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i nokon kategori, mens det i 2021 oppfylte det i éin kategori. Departementet er ganske langt unna å oppfylle kravet i alle tekstkategoriane.

Departementet har 11 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til atterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 12.

Ingen av dei sju underliggjande organa (vedlegg 7) oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Kulturminnefondet er nær ved å oppfylle kravet, og oppfylte det i 2021. Som det einaste av dei underliggjande organa oppfyller det kravet i kategorien for nylaga innhald i 2022. Dei andre underliggjande organa er ganske langt unna å oppfylle kravet, både i nylaga og i gammalt innhald. Miljødirektoratet har 4 % nynorsk på nettsidene, mot 5 % i 2021.

Tre organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Ingen av dei har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Tre av sju underliggjande organ oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin eller fleire kategoriar sosiale medium.

Kommunal- og distriktsdepartementet med elleve underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium (frå 2021) | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|-------------|-------------|---|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 3 % | 41 % | 46 % | 32 % | 0 % | 28 % | 28 % | 34 % | 11 % |
| 2021 | 31 % | 26 % | 71 % | 9 % | – | 6 % | 9 % | 4 % | 4 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i seks kategoriar tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i seks kategoriar, mens det i 2021 oppfylte det i tre kategoriar.

Departementet har 3 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 54.

Kommunal- og distriktsdepartementet er eitt av dei to departementa som kjem nærmast å oppfylle alle språkvekslingskrava, og skil seg dermed ut. Det andre er Barne- og familidepartementet.

Av elleve underliggjande organ (vedlegg 8) er det to – Statsbygg og Valdirektoratet – som oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Distriktsenteret og Kartverket er nære ved å oppfylle kravet. Datatilsynet og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet har under 5 % nynorsk på nettsidene.

Husleigetvistutvalet har parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Gjennom tilsynsdialogen har Språkrådet oppfordra organet til å legge om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad.

Ni organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Ingen av dei har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Av elleve underliggjande organ er det tre – Distriktsenteret, Kartverket og Statsbygg – som oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin eller fleire kategoriar sosiale medium.

Kultur- og likestillingsdepartementet med 13 underliggjande organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|-------------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 16 % | 19 % | 15 % | 30 % | | 1 % | 1 % | 96 % | 96 % |
| 2021 | 20 % | 29 % | 22 % | 41 % | – | 0 % | 0 % | 98 % | 98 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet er uendra eller går tilbake i alle kategoriar tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin kategori, mens det i 2021 oppfylte det i to kategoriar. Departementet er eit stykke unna å oppfylle kravet i dei fleste tekstkategoriane.

Departementet har 16 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 18.

Medietilsynet utmerkjer seg ved å vere det einaste av statsorgana som oppfyller lovkrava i alle tekstkategoriane. Det same var tilfellet i 2021.

Lotteri- og stiftelsestilsynet skil seg òg ut ved å oppfylle lovkrava i alle tekstkategoriane utanom i kategorien for skjema. Det same var situasjonen i 2021.

Av dei andre elleve underliggende organa (vedlegg 9) er det eitt, Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg, som nærmar seg å oppfylle kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Likestillings- og diskrimineringsombodet, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design og Norsk filminstitutt har – i år som i fjar – under 5 % nynorsk på nettsidene.

Tolv organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Av dei er det fire – Diskrimineringsnemnda, Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg, Kunst i offentlege rom (KORO) og Medietilsynet – som har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

To underliggende organ – Lotteri- og stiftelsestilsynet og Medietilsynet – oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i alle kategoriane sosiale medium. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design oppfyller kravet på Twitter.

Kunnskapsdepartementet med 31 underliggende organ

| År | Alt HTML- innhald på hovud- nett- staden | Facebook | Twitter | Andre sosiale medium | Skjema på begge skrift- språk | Propo- sisjonar utan vedlegg | Propo- sisjonar med vedlegg | Meld- ingar utan vedlegg | Meld- ingar med vedlegg |
|------|--|-------------|---------|----------------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 2022 | 1 % | 13 % | – | 0 % | – | 62 % | 62 % | 1 % | 1 % |
| 2021 | 7 % | 75 % | 21 % | – | – | 44 % | 44 % | 1 % | 1 % |

Statistikken viser at nynorskbruken i departementet går fram i to kategoriar, og at han er uendra eller går tilbake i dei andre kategoriane tekst. Departementet oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i to kategoriar, mens det i 2021 oppfylte det i tre kategoriar. Departementet er svært langt unna å oppfylle kravet i dei fleste tekstkategoriane.

Departementet har 1 % nynorsk på hovudnettstaden ifølgje dei tala Målfrid har hausta inn automatisk. Språkrådet viser til etterhaldet vi tek for tala for 2022, sjå s. 10, «Målfrid og departementa». Den manuelle oppteljinga av nyheitssaker og pressemeldingar (vedlegg 17) viser ein nynorskprosent på 21.

Av dei 31 underliggende organa (vedlegg 10) er det eitt – Høgskulen på Vestlandet – som oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Ser vi berre på nylaga innhald i 2022, oppfyller både Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet kravet om minst 25 % av kvart språk. Høgskulen i Volda skil seg òg i år ut ved å vere eitt av to statsorgan som har for lite bokmål på nettsidene. Det andre organet er Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec), som ligg under Utanriksdepartementet.

Utanom Utdanningsdirektoratet er dei andre underliggende organa langt unna å oppfylle kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk på nettsidene. Som i 2021 har 17 av organa under 10 % nynorsk på nettsidene. Elleve organ har 5 % eller mindre nynorsk på nettsidene. Det er Arkitektur- og designhøgskolen, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Høgskolen i Innlandet, Høgskolen i Molde, Høgskolen i Østfold, Nord universitet, Noregs forskingsråd, Noregs grøne

fagskole – Vea, Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet, Noregs teknisk-naturvitkskaplege universitet og OsloMet – storbyuniversitetet.

Lånekassen har parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Gjennom tilsynsdialogen har Språkrådet oppfordra organet til å leggje om til nettsider med veksling mellom bokmål og nynorsk på same nettstad.

28 organ opplyser at dei har skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar. Av dei 28 er det fem – Høgskolen i Østfold, Kunsthøgskolen i Oslo, Lånekassen, Noregs forskningsråd og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet – som har alt materialet tilgjengeleg på begge skriftspråk.

Tolv av dei underliggjande organa oppfyller kravet om minst 25 % av kvart skriftspråk i éin eller fleire kategoriar sosiale medium. Fem av dei oppfyller kravet i alle kategoriar sosiale medium: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Lånekassen og Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Språkrådet har over tid merka seg mykje därleg etterleving av regelverket i mange av verksemndene under Kunnskapsdepartementet. Ingen av dei underliggjande organa oppfyller alle lovkrava, sjølv om somme av dei, som Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Kunsthøgskolen i Oslo, Lånekassen og Universitetet i Bergen, ser ut til å ha langsiktige planar for språkarbeidet og er på veg til å oppfylle mange av krava. Språkrådet er i god dialog med Kunnskapsdepartementet om korleis det kan bli slutt på dei systematiske brota på språklova i denne sektoren, og har bedt departementet ta grep overfor åtte verksemder der lovbrota har vore systematiske over tid. Det gjeld Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Høgskolen i Innlandet, Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet, Nord universitet, Noregs teknisk-naturvitkskaplege universitet, OsloMet – storbyuniversitetet, Universitetet i Oslo og Universitetet i Søraust-Noreg.

Landbruks- og matdepartementet med fire underliggjande organ

